

“Queckne Berrigmandskierckes til bliffuelse”

Stat og kjerkje vart stadig meir vevd inn i kvarandre på 1600-tallet. Men skulle folket respektere statskyrkjas makt og mynde, måtte den gjerast minst like vakker som i katolsk tid. Samtidig var det statens politikk å bruke kyrkja og prestane til å kontrollere folk og halde samfunnsmorale i hevd. Det vart derfor bygd fleire kjerker, mens gamle vart pussa opp. For kjerkehusa skulle også erstatte bygdas eldgamle gildehus, som hadde forsvunne etter 1537. Det vart tilmed godteke at det var brukt flotte farger og vakker kunst att. Gamle og bortgjømde kunstsattar kom atter til heider og verde. Slike var heldigvis tekne godt vare på i Kvekne og Tylldalen. Det fanst også mellomalderkunst i gamle Tunnusetr kjerkje. Dette ble dessverre flammanes rov i 1792.

Det seiast at stavkyrkja i Kvekne var både gammal og avfeldig da kong Christian 4. besøkte bergverket og bygda i juni 1635. Bergfolk og bønder fortente sanneleg eit vakkert og verdig gudshus. Det ville dessutan høgne bergfolks moral. På tilbaketuren frå kongebesøket skreiv kongen 29. juni på Tynset prestegard til oberberg-

hauptmann Iver Prip at det skulle reisas ei ny kjerkje ved ein høveleg stad attmed kongsgarden Skogstad for tri - fire hundre riksdalar, samt sørgjast for gravplass. Kjerkjeklokker skulle kongen eigenhendig sende frå København.

Sokneprest og bergverkseigar Herr Hans Lauritzen la nok inn eit godt ord for ny kjerkje. Truleg var kongen i godt humør etter det vellykka besøket. Han vann nemleg over presten på såkalla “*dobbel*” før han vende nasen sørover. Derfor smidde Herr Hans mens kongen var varm i trøya. Når kongen nemnde både sum og klokker, tyder det på at han lovde å støtte med klingande mynt.

Det var slett itte rart at Herr Hans, bergprest Herr Andreas Stordal, bergmenn og bygdefolket ivra for eit nytt gudshus. Tynsetprosten hadde allereie reist nye kjerker i Vetlelv dalen, Os og Innset. Men det viste seg snart at folket sjølv måtte skaffe pengar. Kongen personleg hadde lite å skjenke frå ei slunken pengekasse. Dessutan var det eldgammal tradisjon at bygdefolket sjølv stod for reisinga av gudshuset, så sant

itte det katolske erkebispesetet hadde kunne yte noen skillingar.

Men kor låg eigentleg den gamle stavkyrkja? Ein pekepinn får vi i eit skrift frå 1652, der det står at tømmerstokkane frå Sverja smeltehytte vart kjørd ned våren 1652 *”til dend Steed som dend gamle Kirche stod och dend på samme Rum, mesteparten igjen er optømret och sat”*. Altså på same stad som den gamle stavkyrkja. Men når stavkyrkja vart sett opp på Vennom (Veen), var det eit livsfarleg brot på kongens klare ordre frå sommaren 1635. Så dette henger slett itte heilt saman.

No kunne den nye kongen frå 1648, Frederik 3., sjølv sagt ha gjort om farens gamle vedtak, men eit kjend skriv om det finnest itte. Så eg trur at her har det vore gjort noe heilt ulovleg. Låg den gamle stavkyrkja på Skogstad, og skal skriftet frå seint på året 1652 berre tekkjest kongens kammer i København og dekke over den ulovlege flyttinga?

Skogstad var visst nok den gamle prestegarden i bygda, men nemnast merkeleg nok itte i skattematrikkelen frå 1528. Er det fordi garden var skattefri? *”Garden”* var elles som regel den eldste i bygda. Den låg sentralt til. Derfor namnet. Men i 1593 er Skogstad på plass i skattelistene. Kappelan, Herr Hans Lauritzen og kona Anne Madsdotter slo seg derfor ned på Skogstad omkring 1620. Herr Hans vart sokneprest i 1628, men flytta itte til Prestby i Tynset. Han heldt framleis hus på Skogstad, høgst truleg på grunn av verksdrifta. Bergprest og kapellan Herr Andreas Henriksson Stordal (Stjørdal) slo seg derimot ned på Vennom. Han fekk såleis stuttare veg til Brevad, der det frå 1636 voks opp

ein heil hytteplass. Venna var tingstad i 1638. Men var det tingstad på Skogstad før det? Vart tinget flytta til Venna på grunn av at befolkninga i Kvekne vart forskove på grunn av hytteanlegget på Brevad?

Soknepresten budde som oftast ved sida av kjerkja. Det ville dermed vera rart at Herr Hans skulle bu så langt unna gudshuset. Det ville også ha vore underleg om kongen hadde flytta kjerkja frå Vennom til Skogstad. Når kongen ville at det skulle reisast bergmannskjerkje nettopp ved *”Kongsgaarden”*, tyder det da på at den skulle settast opp ved sida av den gamle stavkyrkja? Dessutan ligg dei fleste kjerkjene frå katolsk tid heller høgt oppe i lendet. Og om det er rett at dei eldste gudshusa låg der sola skein på kjerkja frå fjelltoppar eller høgder som ber namnet non, stemmer det enda betre med Skogstad. Ho ligg lagleg til i forhold til Nonshaugen.

Herr Andreas Stordal døde i 1649 og vart etterfølgt av Herr Niels Hanssøn Thisted frå Nordjylland. Da Venna var blitt enkegard, heldt kapellanen atter hus på Skogstad. Garden stod nemleg ledig etter at berghauptmann Otte Lorck hadde flytta til Innset i 1640.

Mens den nye kjerkja vart reist, kom det 16.juni 1652 opp ei interessant sak på bygdetinget. Hyttskrivar Thomas Mathiessøn på Brevad, som hadde gifta seg med Herr Andreas’ *”quinde tilforn”* og tatt over den gamle *”schede gaard”* Venna, meinte at han hadde rett til *”Kjerkeenga”*. Presten hevda derimot at høyavlinga frå enga skulle betale vin og brød til kjerkja hans.

Erik Grøtli, Ola Ulset og Iver Bratte-

bolstad opplyste at salig Herr Andreas hadde fått lov til å bruke denne enga av Herr Hans. Brørne Tore Moen, Jo Moen og Atzer Vennom fortalde at farfaren deira hadde budd på Vennom inntil kopparverket kom. Dei hadde slege enga for tynsetprosten. Fut Jens Bang viste fram ein kopi av stiftsboka frå 1577, der enga var oppført som kjerkjås eigedom. Tore Moen hugsa at minst tre prestar hadde brukt enga. Blant anna slo Herr Hans enga dei fjorten åra han hadde heldt hus på Skogstad, nemleg 1620-1634. Dommen lød på at Herr Niels Thisted hadde rett til å bruke enga.

Det likte Thomas hytteskrivar lite. Som hemn stengde han kjerkjevegen med eit nytt gjerde. Da bestemte fut Bang, sorenskrivar Hans Carstenssøn, Per Sæter, Jens Hals, Jacob Frenstad og Peder Mørck at "*Tommis*" hadde å flytte seg opp i bekken att, slik at kveknedølane fekk ha kjerkjevegen sin i fred. Den var nemleg av "*arilds tid*". Dette var altså ein gammal kjerkjeveg, men itte nødvendigvis til ei kjerkje på Vennom.

I alle fall vart itte kongens påbod frå 1635 følgd opp straks, truleg fordi folkesetnaden stadig flytta seg nordover etter kvart som smeltinga vart flytta mot Innset. Det ville jo bli svært så lang kjerkjeveg for hyttarbeidarane til Skogstad. Herr Hans tenkte truleg i 1635 itte på at det måtte byggast nytt smelteanlegg ved Brevad, derfor ville også han plent ha den nye kjerkja ved Skogstad. Truleg var det sjiktmeister Lorentz Lossius som gjekk mest inn for å bygge kjerkje på Vennom. Men etterpå fekk sikkert også Herr Hans interesse av å bygge nede på sletta ved Orkla. Han hadde jo sett i gang bergverket og

eigde framleis Prestgruva (Segen Gottes).

Kongens ordre vart dermed itte følgd i første omgang. Lossius, Herr Hans, oberberghauptmann Prip og daverande bergskrivar Lorck fann stadig på utfluktar når kongen maste. Dei stod truleg i samband med den mektige lensherre, Olluf Parsberg på Trondhjemsgasrd, som skulle passe på bergverket for kongen. Og frå 1642 sat kongens eigen svigerson, den mektige Hannibal Sehested, som statthaldar på Akershus. Han kravde heller itte ny kjerkje.

For å få inntekter vart det i mellomtida bestemd at leigarmålsbøtar skulle gå til nybygget. No manglar tingbøkene for 1635-1637, men i 1638 og 1639 finst det bøter i fleng til kjerkjebygget. Lensmann Peder Jacobsson snusa opp mange skyldige. Kjerkjevege Atzer Vennom passa på at ingen sluntra unna. Med eit slikt nidkjært sedløysespoliti strømmen det støtt inn bøter inn i kjerkjekassa, blant anna frå Hans Skreddar, som vart skulda for ulovleg leigarmål med så vel Jorunn Laugesdotter som Anne Iversdotter. Skreddaren prøvde å vri seg unna, men "*arrige*" kvinnfolk vitna mot "*misdederen*". Hans resignerte, gifta seg med Anne og punga ut åtte riksdalar til kjerkja.

Di verre moral i Kvekne, di fleire kontantar i kjerkjekassa. Berger Jonsen bømte 3 ½ riksdalar. Smeltar Embret Olsson betalte tre riksdalar for leigarmålet med Maret Jonsdotter. Smeltar Halvor Madsson med Ragnhild Halvordotter, Hans Citzler med festarmøy, Henrik Kølbrennar med Cesilie Mortensdotter, Henning Tømmermann

med Inger Josvasdotter, Siver Tømmermann med Kari Siversdotter osb. I 1639 måtte Jørgen Snekkar betale fem riksdalar på pungen, fordi han hadde vore saman med Siri Svendsdotter på Kongsgarden. Det var svindyrt å prøve seg på tenestejenta til oberberghauptmann Prip.

Men også andre ugjerningar vart straffa med klingande mynt til kjerkjebygget. Halvor Nilsson brende kol til unytte og måtte ut med ein mark sølv til kongen og ein riksdalar til nykjerkja. Simen Olsson frå Meldalen stakk av frå vakta si. Det vart nok ein ort til kjerkja. Simen Olsson. Men frå 1640 går det itte lenger bøter til kjerkja, slik at Prip truleg hadde fått nok pengar. Han fekk visst nok grave kjerkjekjellar og planert ein ny og større kjerkjegard ved Skogstad, men i 1644 døde han brått under ein tur sørpå. Det vart slutt på bygginga. Dessutan gjekk innbyggartalet ned, da det vart bygd eit større smelleanlegg på Innset, der det da også vart reist kjerkje i 1642. Gjekk pengane dit?

Det vart meir fart på kjerkjeplanane i januar 1652, da den nye statthaldar Gregers Krabbe besøkte kopparverket. Herr Hans Lauritzen og Herr Niels Thisted møtte opp på Innset med klokkar, kjerkjeverge og lagrettemenn for å be om støtte: *“Saa hafuer da nogle her af Menigheden med Sognepresten Hæderlig och vellærte Mands Herr Hans Lauritzon paa den gandske Almues Vægne underdanigst besøgt och anmodet vores gunstige høye Øfrighed Herr Stadtholder Wit: Gregers Krabbe forleden dend 14 Januarii 1652, da hand viciteerede Wærchet och var paa Indset, om en gammel Smeltehytte som stod ved Svergen, som paa nogle Aar ické har været brugt, at vi den til nogen Hielp*

for denne Kirches Bygning maatte niude, huilchet ochsaa efter underdanigst Begiæring af Hans Mayest.s naadige Behag er bevilget, er samme Hytte strax om Vaaren af Almu-en nedkjøret til dend Steed som dend gamle Kirche stod och dend på samme Rum, mesteparten igjen er optømret och sat.”

Statthaldaren kunne itte love kon-tantar i så knipne tider, men sørgde altså for at kongen skjenka tømmerstokkane frå den best bevarte av dei nedlagte smeltehyttene ved Sverja. Noe som ble godkjend av kong Frederik 3. Men omgjorde den nye kongen vedtaket om å bygge ved Skogstad?

Noen segner fortel faktisk om ulovleg flytting. I følgje folkeminnesamlar Sigurd Nergaard frå Storelvdalen, men med røter frå Orkeng (Nergarden), skjedde det heile slik:

“Før stod det ei stavkjerkje der, men den var så gammel at ho mest heldt på å dette ned. Så skulle dei bygge ei ny, og denne vart knept to-tre hundre meter unna i Gardslia. Men da første kvarvet vart lagt, kom småtussane og flytta tømmeret attende dit der gammalkjerkja stod.

Om morgonen kom presten som budde på Vennom og sa at dei måtte itte stå imot Guds vilje. Så vart den nye kjerkja bygd der den gamle var. Men sia var det uvenskap mellom øverbyggingane og nerbygdaingene, for det var mange som heldt på at det var folk som hadde vore småtussar om natta!”

Nergaard skriv altså ”denne vart knept to-tre meter unna i Gardslia”. Det må vi tolke slik at bygdefolket begynte å bygge den nye kjerkja to-tre meter nedafor den gamle kjerkja. Olav Trygve Hagen skriv i bygdeboka: *“Da dei i 1652 skulle bygge ny kjerke, var dei sjølvsagt usamde om tomta. Mange ville ha*

kjerkja om lag 300 meter lenger sør, fram på sletta og meir synleg til alle leier. Men Veen-grenda og Nerbygda heldt på gammaltomta. Likevel vart kjerkja tufta, og dei første kvarva lagt på den nye tomta. Men dagen etter var tømmerstokkane flytta til gammeltufta, og dette hadde sjølv sagt dei underjordiske gjort. Presten budde på Veen, og da han kom tilstades og fekk høre kva som var hendt, sa han at dei skulle la syllane ligge der dei no låg, for det var sikkert Guds vilje at kjerkja skulle stå der. Og slik vart det. Men det var nok dei som visste eller skjønnte at det kerkje var Vårherre eller tussane som hadde flytta stokkane, men skapnader av kjøtt og blod”.

Ei anna segn fortel at bergpresten heldt til på Skogstad. Herr Niels Thisted trådde opp i presteskrud: *“I må ikke røre ved dette bygværk, for det er Allmagten som have flytted det hid, for Den vil have sig tilbedet på samme sted som den nu er bliven i mange århundre!”* Herr Niels Thisted budde på Skogstad, som igjen vart prestegard etter at berg-hauptmannen flytta til Innset. Korfor skulle han slå seg ned på Skogstad om det var stavkjerkje på Vennom? Så omgjøringa må ha skjedd i 1652.

Om det elles har vore andre kjerker eller gudshus enn kjerkja som vart rive i 1652, kjenner vi itte til. I bygdeboka står det at Per Hansson i Rønningen, som døde i 1864, fortalde at det etter gamle utsegner skulle ha stått ei slags kjerkje i Kløftet, det vil seie ved åmotet mellom Orkla og Ya. Det skal også ha stått eit kapell så vel på Barbrobakken som Slettvollen. Truleg i katolsk tid.

Men kva kan ha skjedd føresommaren 1652? Vi veit at Røros kopparverks forvaltar, Lorentz Lossius, besøkte

statthaldar Gregers Krabbe på Akershus nettopp sommaren 1652. Det galdt ei sak mellom Joachim Irgens og tidlegare berghauptmann Otte Lorck på Innset, som gjorde krav på Irgens' aksjar på Røros kopparverk samt *“Det Øresundske Verk”* ved Aursund.

Lossius var saman med Irgens under dei såkalla Herredagane på Akershus slott i juni 1652. Der dømde statthaldaren. Irgens som var kongens yndling, storkreditor og bankier i Amsterdam, hadde stor makt i kongens København. Han var dessutan bestevenn med den tidlegare statthaldar Sehested, og var vand med å vanke og få vilja si på så vel kongens slott i Danmark som Akershus slott.

Lossius skulle støtte og vitne for Irgens, og kunne da sikkert be Irgens om ei venneteneste, og da nettopp omgjøre kongens vedtak frå 1635. Det kunne Krabbe og karane hans itte gjere reint offisielt. Det var jo det same som majestetsbrottsverk. Men karane kunne sikkert i løynd seie at det var i orden, men at rentekammeret i København, der det sat nidkjære karer, itte måtte få vite om den ulovelege flyttinga.

Vedtaket om bygging på Skogstad vart dermed truleg omgjord – og derfor vart stokkane flytta, slik segna fortel så tydeleg om. Og kjerkja på Vennom endeleg bygd. Men var det nettopp også på grunn av den ulovlege gjerninga at den lure og vise Herr Hans same år skreiv at kjerkja vart bygd på den gamle staden? Kongens menn trudde truleg med det at salig kongens klare ordre frå 1635 vart følgd opp. Og slo seg til ro. Det ligg også i forteljninga at det gjekk ei viss tid frå flyttinga av

den gamle smeltehytta (strax om vaaren) og klarsignalet til bygging 12. juli, da kan hende ein letta og glad Lossius vende attende frå Christiania.

”Anno 1652 den 12 Julii blef dend gamle Kirche paa Quechne nedbrødt, ok strax derefter i Herrens Nafn dend nye Kirche begyndt at bygges, som meget ok høyligen gjør des fornøden, eftersom dend gamle Kirche var alt for meget liiden, desligste meget brøsteferdig ok stod som godt slæt til Nederfald, hulichet jo ochsaa endelig maatte skees efter Almuens flittige Anmodning, eftersom udj fordums Tiid førend Værchet opkom var en ganske ringe Almue, medens siden Værchet er opdaget och kommit vel paa Foode ere ochsaa begifued sig hid til Stædet Arbeydere ok Betiente som Værchet behøfuede ok Tiid efter anden tilkom och formereede sig temmelig stoer Almue.”

Verkets dyktige byggmeister Knut Mortensson (1614-1688) frå Rogsvea på Unnset tømra opp bergmannskjerkja for 150 riksdalar. Han vart Østerdalens kjerkjebyggmeister og sette opp gudshus så langt sør som i Eidsberg. Han har stor etterslekt med dyktige handverkarar og kunstnarar. Sonen Morten kom til Hulbækmo på Tållja. Soneson Simen Hulbækdal vart smeltar på *”Tolgen Hüttenplatz”*.

Dessutan var det lite lurt å røpe for Rentekammeret at bergverksfolka eigentleg tente bra. Kong Frederik hadde itte med sjølvsyn sett tilstandane ved hans eige Østerdal Werck. Etter alle klagebrev og elendeskildring frå Noreg, syntest embetsmennene ved hoffet alltid oppriktig synd på fattige fjellbønder. Det var itte for ingenting at østerdølane berre betalte halv skatt.

Derimot hadde karane i kongens kammer mistanke til at kaksane i



Kvikne kirke slik den står i dag.

geverkskapet hadde meir enn nok kontantar til ei ny kjerkje. Nykongen sende derfor itte noe som helst oppover, men bestemte at alle kjerkjene i Akershus len skulle gje ein riksdalar kvar. Det kom inn 52 riksdalar.

Herr Hans var såre fornøgd. Og tok med litt sjølvskryt:

“Anno 1652 dend 28 Descember hafuer hæderlig og vellædle Mand Her Hans Lauritzon Pastor ibm. foræret til Samme dennes voris Kirches Bygning i Penge 16 Rdl. for hvilcke hands Lobetalitet og Rundhed, saa vel som alle andre, huer udj sin Stand som hidtil haffuer hiulpet och giort Bii-stand, Gud allernaadigste dennem rigeligen igjen i all deris Arbeyde och Idræt velsigne och bevare, eftersom til samme Kirche slett ingen visse Tillæg ære.”

Jürgen Seth frå bergverksbyen Freiberg i Sachsen snikra og skar preike-

stol med himling, korskranke og dei fremste kjerkestolane. I Freiberg låg kunsthandverket på eit heller høgt nivå. "Bildhauer Jürgen" er også meister for statuar, relieff og englehovud. For arbeidet fekk han tolv riksdalar og gjev plass i den fremste stolen. Seth og familie heldt hus på Kojeplassen (Sethgarden). Sonen Petter vart også byggmeister.

Altertavla vart skåren i rein renesansestil, truleg av Johan Bildsnider frå Trondheim. Alterbildet med nattverden vart målt av Johan Kontrafeier. Han stafferte også inventaret og brukte visst nok det flotte interiøret i kongssalen på Skogstad som forbilde. Mogleg var han meister for det også. Kongens rom vart som kjend dekorert kunstferdig før den store kongegjestinga i 1635.

Den vakre bergmannskjerkja vart så vigsla av biskop Henning Stockfleth frå Christiania stift 1. juli 1654. På kjerkespiret vart det sett opp ei ni kilos koparkule, som symbol på bergverkets store verd. Kjerkeklokke vart støypt på Sverjvolla. Kongen må reint ha glømd å sende oppover klokker, som han hadde lovt under ei svært så festleg avskjedsstund på Tynset prestegard i 1635. Støypinga klarte dei dyktige hyttefolka sjølve.

Døypefonten av messing vart skjenka av hytteskrivar Ebbe Pederssøn på Brevad. Han var ein omstridd person, men ei slik gylden gåve ville sikkert høgne hans status så vel nede i gruvesamfunnet som oppe hos Vårherre. Messehakelen frå 1663 er gjeven av Kirsten Lossius Friis og Herr Niels Jenssøn Friis, slik ein kan lese av initialane.

Prester og framstående verksfolk vart gravlagde under koret til 1819. Kistene ble på 1800-tallet flytta ut på gravplassen. Det er synd det itte er blitt betre markert, da det rommar mykje verdfull bergverkshistorie.

Litteratur og kjelder:

Christian 4.s egenhændige breve 1589-1648. I - VII København 1969-70.

Falk-Muus: Kvikne Kobberverk 1631-1931. Stockholm 1932.

Hagen, Olav Trygve: Bygdebok for Kvikne.

Heiberg, Steffen: Christian 4.

København 1988.

Johnsen, Albert: Hannibal Sehesteds statholderskab 1642-1651. Christiania 1909.

Kongen i Norge. Genstande fra De Danske Kongers Kronologisk Samling, København.

Krøkmoen, Jon: Folk og buplasser i Nord-Østerdalen 1528-1700. Sollia forlag 1992.

Kvikne menighetsråd: Kvikne kirke 1654-2004. Kvikne 2004.

Langslet, Lars Roar: Kristian den 4. Oslo 1997.

Larsen, H: Christian IVs norske bjergværker (Nationalmuseets Arbejdsmark, København 1988)

Nissen: Røros koppperverk. Røros 1976

Norske kongebrev. Lokalhistorisk institutt.

Universitetsforlaget. 1962 ff.

Scocozza, Benito: Christian 4.

København 1987.

Støren, Ragnar: Kvikne koppperverk.

(Utrykt manuskript)

Størens samlingar på Riksarkivet i Oslo.

Tingbøkene for Solør og Østerdalen.

Trondhjem historieforening: Trondhjemske samlinger. Trondheim 1925.

Artiklar i Østerdølen, Tynset 1904-1942.

Arne Dag Østigaard,
Holmengata 4
2500 Tynset